



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
I  
ROGALAND  
1954

Namnet på vatnet

Bergeslundvatnet

Kommune .....

Kigersund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## B R Y N E S L A N D S V A T N E T

### Fiskeanalysen vart foreteken den 16. august 1974.

Vatnet ligg i Eigersund kommune, nærare stadfest nord for Krossmoen, E 18, mellom Bjerkreim og Krossmoen, grensar for ein del etter vatnet i sør-vest.

Arealet er omlag 40 ha og h.o.h. 10<sup>4</sup> m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er sikkert eit vesentleg djup utpå, med store, meir grunnlendte partier nær land.

Stranda består for det meste av stein som går over til gjørmebotn mot djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark der lauvskogen dominerar, og noko fjell.

Hovudtilsiget fell inn i nord-aust og kjem frå Bukkatjørni m.fl.

Elles fell det inn eit større tilsig frå Gåshusvatnet i aust og eit i nord-aust.

Avlaupet renn ut i sør og går til Hellelandsvassdraget.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 10.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH er målt til 6.8 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.0 mg/l og den totale hardheita 5.0 mg/l.

Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 44.8 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt ikkje særleg stor.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 31 fjærmygglarver, 5 muslingar, 3 fåbørste-mark, 1 vårflugelarve og 1 igle - i alt 410 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 8 fjærmygglarver tilsvarande 80 individ pr. m<sup>2</sup>.

På 10.0 m vart det funne 6 fjørmygglarver, 1 døgnflugelarve og 1 igle eller samla 80 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at det er heller lite med næringsdyr i vatnet.

#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontalttrekk på ca. 50 m, og eit vertikalttrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.


#### Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjer ferskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 38 aurar og 4 røyr. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsynig av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 2 røde, 7 lysrøde og 16 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 15 hofiskar og 10 hanfiskar.

3 av fiskane var angripne av parasittar.

64 % av prøvefiskane var gytedefisk.

Medel fyllingsgrad 2,2.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter								
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år	8år	9år
Medellengde i cm	5.0	10.4	16.2	20.4	23.8	26.8	33.8	39.1	48.6
Årleg lengdetilv. cm	5.0	5.4	5.8	4.2	3.4	3.0	7.0	5.3	9.5
Antall fiskar	25	25	24	24	13	3	2	2	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.95 tilseier fisk av medels god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Bryneslandsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).





Som vi her vil sjå, syner fisken i Bryneslandsvatnet ein god lengdetilvekst fram til 4 års alder, men her blir normalkurven kryssa. Det oppsvinget som kurven gjer det 6. året skuldast berre 2 fiskar, og som begge var vesentleg større enn dei andre, slik at dette ikkje er representativt for fisken i Bryneslandsvatnet. Det er grunn til å tru at den forlenga lina frå 6. året er meir rett og at fisken går mot ei maksimumslengd på ca. 30 cm. Nå vil det finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar". Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Dei kjemiske tilhøva er gode og botnprøvene syner at mange arter av næringsdyra er representert.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga syner, at det stort sett er småfisken som dominerar.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Bryneslandsvatnet er bra i så måte og fylgjeleg får vi ein gunstig pH og gode tilhøve elles.

Fiskebestandet synest likevel å vera litt i overkant av vatnet si bæreemne. Ved å intensivere fisket noko i åra framover vil ein kunne auka medelstorleiken på fisken og få fram ein ennå betre fiskekvalitet.

Det lukkast oss berre å få 4 røyr under prøvefisket, men desse var småfalne og av heller dårleg kondisjon. Etter alt å døma er røyrbestandet altfor stort i dag, slik at ein må gå til hard utfisking av røyra i åra framover. Som kjent har røyra stor formeringsemne, og lett for å bli dominerande, i eit vatn der både aure og røyr er til stades. Då røyra gyt på hard, steinut botn ute i vatnet må ein lokaliserer gytelassane og drive eit hardt garnfiske her ved gytetider om hausten.

Gytetilhøva for auren er også gode i fleire av tilsigsbekkene.

### Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at det vart skipa til eit grunneigarlag (fiskelag) for vatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Strakst grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Vatnet ligg uvanleg lageleg til for sportsfiske, slik at grunneigarane må kunne rekne med økonomisk utbytte av fiskekortsalet. Ein båt for utleige burde også grunneigarlaget hatt.

Vidare må ein intensivere fisket etter auren noko. Dette kan gjerast ved å setje garn utfor bekkeosane om hausten og få bort ein del av gytefisken. Etter 2-3 år vil storleiken og kvaliteten endra seg til det betre.

Når det gjeld røyra, så må ein drive eit hardt garnfiske etter denne. Røyra er ein ypperleg matfisk, men den har lett for å bli "overbefolka" om ein ikkje gjer sitt beste for å halde bestandet i sjakk.

Ålen er ein godt betalt matfisk og denne må grunneigarlaget nyttiggjera seg. Ved å montere ei ålemér på ein høvande stad på utfallsbekken vil ein kunne fanga utgangsålen. Det er ikkje så lite med ål som årleg forlet vatnet. Som kjent er det helst om hausten, under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Vi skulle tru det måtte vera i alle grunneigarene sine interesser å gjennomføra dei tiltaka som her er peika på og underskrivne vil vera hjelpesam i så måte.

Stavanger 25. mars 1975

Einar Berg